



- Strynefjellet landskapsverneområde
- Mysbytta landskapsvernombord
- Høydalen landskapsvernombord
- Mørkridsdalen landskapsvernombord
- Vigdalen landskapsvernombord
- Høyrokampen naturreservat

DNT Oslo Omegn v/Thomas With
Postboks 7, Sentrum

0101 OSLO
Att: Thomas With

SAKSBEHANDLAR: BJØRN DALEN

ARKIVKODE: 2014/3120 - 432.3 DATO: 23.06.2014

SAK - BREHEIMEN NASJONALPARK - BYGGING AV GANGBRU OVER KUPGROVI PÅ STIGEN MYSUBYTTA TIL DNT HYTTA SLÆOM.

Vi viser til søknad dagsett 24.4.2014.

Breheimen nasjonalparkstyre hadde møte 3.6.2014. I møte vart søknaden handsama.

Vedlagt dette brevet ligg sak nummer 15/2014 frå Breheimen nasjonalparkstyre. Vi viser til vedlagde sak.

Klage

Nasjonalparkstyret sitt vedtak er eit enkeltvedtak etter kap. VI i Lov om behandling i forvaltingssaker (forvaltningsloven) dagsett 17. desember 1967. I medhald av kap. VI i forvaltningslova er det klagerett på Nasjonalparkstyret sitt vedtak, jf. fvl. § 28 første ledd. Ei eventuell klage skal stilast til Miljødirektoratet, Postboks 5672 Sluppen, 7485 Trondheim. Klagen skal sendes til Nasjonalparkstyret for Breheimen v/Fylkesmannen i Oppland, Postboks 987, 2626 Lillehammer, innan tre (3) veker etter at dette brevet er motteke, jf fvl. § 29 første ledd.

Med helsing

Rolv Kristen Øygard

Leiar i Breheimen nasjonalparkstyre

Kopi pr. e-post til:

Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Fylkesmannen i Oppland	Postboks 987	2626	LILLEHAMMER
Øyvind Angard			
Skjåk kommune		2690	Skjåk
Skjåk Almenning		2690	SKJÅK

Arkivsaksnr: 2014/3120-0

Sakshandsamar: Bjørn Dalen

Dato: 28.04.2014

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	15/14	03.06.2014

Sak - Breheimen nasjonalpark - Bygging av gangbru over Kupgrovi på stigen Mysubytta til DNT hytta Slæom.

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 03.06.2014

Vedtak

Breheimen nasjonalparkstyre vedtek å gje DNT Oslo og Omegn, Postboks 7 Sentrum, 0101 OSLO, dispensasjon for oppføring av bru over Kupgrove i Mysubytdalen. Dispensasjonen er gjeve med heimel i verneforskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 1.3, bokstav c. Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Brua skal ha form og storleik som omsøkt. D.v.s oppført i aluminium med 10 meters lengd.
- Det skal leggjast vekt på at installasjon ikkje skjemmer landskapet.
- Området skal til pyntast og ryddast etter at bygginga er avslutta.
- All overflødig material og utstyr skal frakast ut av verneområdet etter ferdigstilling av bruva.
- Forvalningsstyremakta vil ha ein kort rapport om arbeidet etter ferdigstillinga, innan 1.desember 2014.
- Vi gjer merksam på at bygginga må avklarast med Skjåk kommune og grunneigar, Skjåk Almenning.

Forvaltar si innstilling

Breheimen nasjonalparkstyre vedtek å gje DNT Oslo og Omegn, Postboks 7 Sentrum, 0101 OSLO, dispensasjon for oppføring av bru over Kupgrove i Mysubytdalen. Dispensasjonen er gjeve med heimel i verneforskrift for Breheimen nasjonalpark § 3 pkt. 1.3, bokstav c. Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Brua skal ha form og storleik som omsøkt. D.v.s oppført i aluminium med 10 meters lengd.
- Det skal leggjast vekt på at installasjon ikkje skjemmer landskapet.
- Området skal til pyntast og ryddast etter at bygginga er avslutta.
- All overflødig material og utstyr skal frakast ut av verneområdet etter

ferdigstilling av bruа.

- Forvaltningsstyremakta vil ha ein kort rapport om arbeidet etter ferdigstillinga, innan 1.desember 2014.
- Vi gjer merksam på at bygginga må avklarast med Skjåk kommune og grunneigar, Skjåk Almenning.

Dokument i saka:

- Søknad dagsett 24.april 2014, frå DNT Oslo og Omegn.

Søknaden vert vurdert i samsvar med:

1. Forskrift for Breheimen nasjonalpark, dagsett 7.august 2009.
2. Naturmangfaldlova, dagsett 19, juni 2009 nr.100.

Søknaden

DNT Oslo og Omegn søker om løyve til og bygge ny bru over elva Kupgrovi i Mysubytdalen. Dette gjeld på stigen frå Mysubytta til DNT hytta Slæom.

Verneforskrift og verneformål


Omsynet til verneverdiane i området er det vurdert, særleg i forhold til landskap og friluftsliv som er mest relevant i dette tilfellet, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1(formål), 4 og 5(forvaltningsmål for naturtypar, økosystem og artar) samt § 7(prinsipp for å ta offentleg avgjerd), jf. § § 8-12(kunnskapsgrunnlaget og miljørettslege prinsipp).

Formålet med Breheimen nasjonalpark er å ta vare på et stort, samanhengande og villmarksprega naturområde som inneholder særeigne, representative økosystem og landskap utan tyngre inngrep. Etter verneforskrift for Breheimen nasjonalpark, er all bygging og oppføring av installasjonar forbode i nasjonalparken, (verneforskriftene § 3 pkt. 1.1), med unntak gjeve i § 3 pkt. 1.3. Forvaltningsmyndet kan gje løyve til bl.a.:

- *bygging av bruer og legging av klopper* (§ 3 pkt. 1,3 bokstav c i verneforskrift for Breheimen nasjonalpark).

Vurdering

DNT Oslo og Omegn søker om å få bygge bru over Kupgrovi etter stigen som går frå Mysubytta til DNT-hytta Slæom. Dette gjeld kryssing av grov ca. 700 meter ned for Slæom i Mysubytdalen. Problemet med dei fleste elver og bekkar i området er at ved raske endringar i værtihøva aukar vassføringa drastisk slik at det er umogleg å krysse enkelte bekkar som Kupgrovi. Saka har vore diskutert med grunneigar, kommunen og nasjonalparkforvaltninga. Det har vore vurdert alternativt å flytte ruta over til nordsida av dalen innover, men ut ifrå erfaring med dei 4 store vassdraga innover dalen(Storgrove, Viergrove, Vasstverran og Mysubytta) fører dette til større inngrep. Det blir søkt om å få leggje på ei aluminiumsbru på 10 meter.



Kart som viser stignett og omsøkt bru ved Slæom.

Mysubyttdalen fortset i forlenginga av Ostradalen, innover frå Mysubytta seterstul som ligg i skoggrensa 850 moh. Dalen fører inn til vasskiljet mot Jostedølavassdraget, heilt i austkanten av Jostedalsbreen. Området er prega av snaufell med ein vill vassdragsnatur. Dei mange og store breområda som omkransar dalen drenerer ned i dalen og vassføringa kan til tider gjera framkomsten heilt utilgjengeleg. Det er få inngrep i dalen. Det er oppført 2 fiskebuer ved utløpsosen på Mysubytvatnet. I tillegg er det bygd bru over Storgrove. Ein mindre bru over Viergrove har reist i flom. Ved innløpsosen i vestenden av Mysubytvatnet ligg DNT hytta Slæom.



Brua som er tenkt oppført vil sjå slik ut.

Området og bruken er godt dokumentert. Både gjennom rapportar og databaser og den overvåkinga som går føre seg. Oppføring av bru ved Slæom vil ikkje føre til nemnande påverknad på natur og miljø i

området. DNT ruta Mysubytta - Slæom tåler noko meir ferdsle utan at det vil ha uheldig overbelasting på området. Villreinen brukar området sporadisk og da bukk. Det er ikkje påvist at fostringsflokkar har brukt dalen. Dalen ligg mellom to stammeområde for villrein. Det har vore vurdert andre alternativ for å få ein sikker stig innover dalen utan at det er funne eit betre alternativ. Tiltaket vil heller ikkje føre til nemnande belast ing sett heile verneområde under eitt. Det er ikkje funne alternative løysingar som er betre en den omsøkte for å få betre stigutløysing inn til Slæom. Totalt sett ser ein ikkje føre-var-prinsippet som aktuelt i denne saka.

Ut ifrå ei totalvurdering meiner nasjonalparkforvaltaren at tiltaket kan gjennomførast som omsøkt.